



# ÅRSMELDING 2015


## ÅRSMELDING

### Idrottslaget JOTUN

for perioden

1. januar 2015 til 31. desember 2015

## PÅ VEG MOT HUNDRE!



**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

[www.iljotun.no](http://www.iljotun.no)

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



## ÅRSMELDING FOR IDROTTSLAGET JOTUN

AVSNITT	Side
<b>1. STYRET SI SAMANSETJEING.....</b>	<b>3</b>
1.1 STYREMEDLEMAR PERIODE .....	3
1.2 VARAMEDLEMAR TIL STYRET .....	3
<b>2 GRUPPER, UTVAL OG KOMITEAR .....</b>	<b>3</b>
2.1 GRUPPELEIARAR .....	3
2.2 ÆRESTEIKNUTVAL .....	3
2.3 VALT REVISOR .....	4
2.4 VALKOMITE .....	4
<b>3. EKSTENE TILITSVERV .....</b>	<b>4</b>
3.1 ÅRDAL IDRETTSRÅD .....	4
3.2 SOGN OG FJORDANE SYMJEKRINS.....	4
3.2 SOGN OG FJORDANE FOTBALLKRIS.....	4
<b>4. REPRESENTASJON .....</b>	<b>4</b>
4.1 SOGN OG FJORDANE FOTBALLKRINS.....	4
4.2 NORGES HANDBALLFORBUND REGION VEST.....	4
4.3 NORGES GYMNASSTIKK OG TURNFORBUND.....	4
4.4 MOTORSPORTFORBUNDET REGION VEST.....	4
4.5 SOGN OG FJORDANE SKIKRINS.....	4
<b>5 MØTE OG TILSTELLINGAR .....</b>	<b>5</b>
5.1 ÅRSMØTE.....	5
5.2 MØTE I ARBEIDSUTVALRT OG HOVUDSTYRET.....	5
5.3 MØTE I ÆRESTEIKNUTVALET.....	5
<b>6. SAKER.....</b>	<b>5</b>
6.1 BEHANDLA SAKER I ARBEIDSUTVAL OG HOVUDSTYRE .....	5
<b>7. PROSJEKT OG SAKSOMTALE.....</b>	<b>6</b>
7.1 IKT OG FORBETRING AV JOTUN SI WEB SIDE .....	6
7.2 NY KLUBBKOLLEKSJON.....	6
7.3 NYTT KJØKKEN JOTUNHUSET .....	7
7.4 PREMIESKAP OG INFO TAVLER ÅRDALSHALLEN.....	8
<b>8. ØKONOMI .....</b>	<b>8</b>
8.1 RESULTAT .....	8
8.2 INNTEKTER .....	8
8.3 SPONSORMIDLAR .....	8
<b>9 MEDLEMSTAL .....</b>	<b>9</b>
<b>10. KURS.....</b>	<b>10</b>
<b>11. SÆRFORBUND .....</b>	<b>10</b>
<b>12. ANLEGG .....</b>	<b>10</b>
12.1 JOTUNHUSET .....	10
12.2 SKISENTERET I FARDALEN .....	11
12.3 KOMMUNALE IDRETTSANLEGG .....	11
<b>13. VIKTIGE ARBEIDSPPGÅVER I ÅRET SOM KJEM .....</b>	<b>12</b>
<b>14. AKTIVITET I SÆRGRUPPENE .....</b>	<b>12</b>
<b>15. KLUBBHANDBOKA.....</b>	<b>12</b>
<b>16. SLUTTORD V/LEIAR.....</b>	<b>12</b>

Postadresse  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
E-Post  
post@iljotun.no

Telefon  
Telefaks

Bank  
3730.25.00208  
Foretaksregisteret  
975 702 308



## 1. Styret si samansetjing

### 1.1 Styremedlemar Periode

#### Arbeidsutvalet

- Leiar- Tor Erik Sveen 2014-2015
- Nestleiar- Arnt Moen 2014-2016
- Sekretær – Stine Kauppi Straumsheim 2014-2015
- Økonomileiar - Wenche Sjøstad 2014-2015
- Miljø&Trivsel - Ubesatt
- Gruppekontakt – Tove Aspesæter 2014-2016

#### Særgrupper

- Fotball - Henrik Rønningen
- Handball senior - Arbeidsutval
- Allidrett - Heidi Svari
- Turn - Geir Inge Tufte
- Ski Nordisk/alpint – Håvard Gikling
- Friidrett – Per Inge Bale
- Styrkeløft – Anne Ølnes Hestetun
- Handball aldersbestemt - Bente Sissel Myrland
- Motorsport - Gunnar Huse
- Svømming – Ingeborg Hjelle
- Seniorgruppa – Terje Moe (vara Odd Øvregard)

### 1.2 Varamedlemar til styret

- Varamedlem Karen O. Gikling 2013-2015
- Varamedlem Rigmor Skrede 2014-2015

## 2. Grupper, utval og komitear

### 2.1 Gruppeleiarar

- Fotball Henrik Rønningen
- Allidrett Anne Gunn Vigdal
- Turn Geir Inge Tufte
- Ski Nordisk/alpint Håvard Gikling
- Friidrett Per Inge Bale
- Styrkeløft Anne Ølnes Hestetun
- Handball Aldersbestemt Bente Sissel Myrland
- Motorsport Gunnar Huse
- Symjing Ingeborg Hjelle

### 2.2 Æresteiknutval

Leiar Idrettslaget Jotun

Rolf Breisnes På val 2016

Anders Hestetun På val 2015

Siv Bakken På val 2015

---

**Postadresse**

IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**

Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon****Telefaks****Bank**

3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



### **2.3 Valt revisor**

Jo Ragnar Sønstelien 2014-2015

Lilli Bakken 2014-2016

### **2.4 Valkomitè**

Alf Inge Holsæter 2014-2016

Per Kopperdal 2014-2016

Marie Helene Brandsdal 2014-2016

## **3. Eksterne tillitsverv**

### **3.1 Årdal Idrettsråd**

- Leiar Arne Håkon Laberg
- Nestleiar Arnt Moen 2015

### **3.2 Sogn og Fjordane Symjekerins**

- Ingeborg Hjelle er vald som styremedlem i symjekerins

### **3.3 Sogn og Fjordane Fotballkrins**

- Henrik Rønningen sit i seriekomiteen i fotballkrins.
- Arne Håkon Laberg sit i klubb utviklingskomiteen i fotballkrins.
- Frank Roger Eldegard sit i valkomiteen i fotballkrins.

For fleire detaljar kring tillitsverv på krins/fylkesnivå henviser ein til gruppene si årsmelding

## **4. Representasjon**

### **4.1 Sogn & Fjordane Fotballkrins**

- Representantar for Jotun si fotballgruppe har delteke på toppleiar samling i Berlin arrangert av Sogn og Fjordane Fotballkrins
- Representantar for Jotun si fotballgruppe har delteke på Sogn og Fjordane sitt fotballting

### **4.2 Norges Handballforbund Region Vest**

- Representantar for Jotun si handballgruppe har delteke på sone og regionsmøte med Sogn og Fjordane handballkrins.

### **4.3 Norges Gymnastikk og Turnforbund**

- Representant for Jotun deltok på kretstinget i Sogn og Fjordane Gymnastikk og turnkrets i 2015.

### **4.4 Motorsportforbundet Region Vest**

- Motorsportgruppa har representasjon i NMF Region Vest-Norge

### **4.5 Sogn og Fjordane Skikrins**

- Representant for skigruppa har delteke på vårmøte til skikrins.

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308



## 5. Møter, tilstellingar

### 5.1 Årsmøte

Årsmøtet for 2014 vart halde i Jotunhuset 26.02.2014

### 5.2 Møte i arbeidsutval og hovudstyre

Det er halde 9 ordinære møte i arbeidsutvalet og 7 møte i hovudstyret. I tillegg har leiar og AU hatt fleire møte med ein del av gruppene.

### 5.3 Æresteiknutvalet

Æresteiknutvalet har i år ikkje hatt møter for innstille medlemmer til æresteikn. Grunn for dette er dårlig blant leiinga i idrettslaget.

## 6. SAKER

Av saker arbeidsutvalet og /eller styret har handsama dette året, kan ein nemna

- Oppsett av idrettsregistreringa
- Fastsetting av treningsavgift 2015
- Handsaming av søknader frå gruppene om tilskot frå hovudstyret
- Fordeling av tildelte timar i Årdalshallen
- Gruppene sin økonomiske status
- Status av aktivitetane i dei ulike gruppene
- Riktig registrering på tildeling av Lokale Aktivitetsmidlar Midlar (LAM)
- Fordeling av laget sin tildelte momskompensasjon
- Deltaking og handsaming av sak om organisering av fotballen i Årdal
- Val av ny leverandør på reknskaptenester
- Val av ny leverandør på klubb bekledning
- Nytt kjøkken Jotunhuset
- Overgang til elektronisk medlemsregister Min Idrett / Klubbadmin
- Oppsett av ny heimeside

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

## 7. Prosjekt og saksomtale

### 7.1. IKT og forbedring av Jotun sine web-sider


Ny heimeside blei satt i drift den 21.12.15. Kai Wigum har vore ansvarlig for design og oppsett av sida. I stor grad baserer den nye nettsida seg på oppsett fra fotballgruppa si side.

Nettsida er utvikla med verktøyet Wordpress. Styret kan konstatere at me har fått ei moderne side med verdig presentasjon av laget og sponsorane våre. Det er planlagt opplæring på bruk av sida slik at gruppene etter kvart kan legge inn og halde sida oppdatert sjølve.

#### Ei stor takk til Kai Wigum for arbeidet med den nye nettsida!

For øvrig kan ein nevne at IL Jotun sitt arbeidsutval lenge har brukt sky tenesta Dropbox for lagring av relevante dokument.

Ny løysing med Microsoft Office 365 har og vore på plass ei stund, og ein vil vurdere utvida bruk av Sharepoint som er ei delingsteneste for dokument og informasjonsbehandling. Sharepoint er ein del av skytenesta som høyrer til Office365 der alle med epost adresse frå Jotun har tilgang.



### 7.2 Ny klubbkolleksjon

I lengre tid har ein kunne konstatert manglar med profilen på klubb bekledning. Dette har vore negativt for både klubbfølelse og sponsorar. Som eit resultat blei hausten 2015 set ned ei gruppe på 3 personar vald av hovedstyret:

- Kai Wigum
- Birgitte Thomassen
- Ruth Laberg

Oppdraget var klart; dei skulle velje ut og lage innstilling til ny klubbkolleksjon for IL Jotun.

Fleire leverandørar ble vurdert.

Viktige faktorar i arbeidet var **Pris-Utval-Design-Tilgjengelegheit-Sponsing.**

Følgande leverandørar var med i sluttevalueringa:

- Umbro (importør Scan Trade)
- Hummel (importør AssistCo)



Forts. neste side

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

Som ei del av vurderinga blei det gjennomført møter med dei aktuelle leverandørane. Samt ein fikk sett på vareprøver av dei aktuelle kleda.

Innstillinga blei lagt fram på siste hovedstyremøte 2015. På bakgrunn av innstillinga og gjennomgangen vedtok Hovedstyret i Jotun å inngå avtale med Hummel (AssistoCo).

Vidare er det seinare bestemt at spelardrakter og overtrekksdrakt skal trykkast med ei grunnprofilering med logo for hovedsponsorane.

Styret er trygg på at Hummel vil gi Jotun ein god profil på bekledning i åra som kjem med moderne framtoning og god kvalitet.

Alle kleda vil tilgjengeleg gjennom Sport1 Sportshuset Øvre Årdal som vil ha lager og sal av kleda. Skrivargarden får ansvaret for påsetting av logo/merker.

### 7.3 Nytt kjøken klubbhuset

Kjøkkenet i klubbhuset har i mange år vore prega av slitasje på inventar og utstyr. Klubbhuset er utleigd til diverse anledningar samt at laget har ein avtale med HERO om leige av delar av Jotunhuset. Det er derfor viktig at me har eit velfungerande kjøkken for dei som leiger. Og ikkje minst er det viktig med tanke på attraktiviteten for utleige.

Terje Moe i Seniorgruppa fremma eit forslag hausten 2015 som innebar ein plan for oppgradering av kjøkenet med delvis ny innredning samt nye kvitevarer. Ein ønska med dette og gjere kjøkenet fullt brukande til matlaging. Dette innebar at deler av den berømte kioskluka skulle kledast att og ein fekk på plass ei enklare skyveluke. Med dette grepet kunne ein og få inn fleire kjøkkenskap slik at vart plass til bestikk og dekketøy i skuffer og skap.

Styret vedtok på siste møte for 2015 å gå inn for å investere i oppgradering av nytt kjøken. Seniorgruppa informerte styret at dei ville bidra med dugnadstimar der det var mogleg for å få ned totalkostnaden. Kostnaden for laget er på omlag kr 105-110 000 totalt med alt nytt installert utstyr. Meir nøyaktig informasjon vil framgå av årsmeldinga for 2016.

Arbeidet med kjøkenet blei både påbyrja og slutført Januar 2016.

Det er med stor glede ein kan konstatere at Jotunhuset no framstår i ny prakt og verkeleg eit hus å være stolt av. **Ein kan våge påstanden at dette no må være eit av flottaste klubbhusa i kanskje i heile fylket!**

**Ei stor takk til Seniorgruppa ved Harald Luggenes, Odd Øvregard, Kjell Audun Læg Reid og Johannes Børtnes og Terje Moe**

Kort oversikt over nytt kjøken:

- Nye kjøkkenskap (overskap, høgskap)
- Ny kjøkenøy med komfyrtopp (induksjon)
- Ny kioskluke/skyveluke
- Ny dampoppvaskmaskin
- Ny steikeovn



**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

#### 7.4 Premieskap og infotavler Årdalshallen

Seniorgruppa v/Terje Moe har sørget for at alle premiane til Jotun har fått ein rettmessig plassering i eige skap i foajeen i Årdalshallen. Ei flott og verdig plassering der både store og små er gitt rikeleg høve til bivåne tidligare års innsats.

Hovedstyret har og gitt seniorgruppa ved Terje Moe i oppdrag å lage informasjonstavle som belyser historia til gruppene i Jotun og fram til i dag. Her er ein avhengig av informasjon og hjelp fra gruppene slik at fakta blir presentert på rett måte. Fleire tavler er hengt opp – ein del manglar enno. Forhåpentlegvis blir det ikkje lenge til me får info om alle grupper opp på veggene!



## 8. Økonomi

### 8.1 Resultat

Resultatet for 2015 er kr 716 730 (19 127)  
Tal for 2014 i parentes.

### 8.2 Inntekter

Dei totale driftsinntektene, som utgjør tilskot, sponsorinntekter, dugnadsinntekter, treningsavgifter m.m., er for år 2015 Kr 3 941 386 (4 093 618)  
Tal for 2014 i parentes.

### 8.3 Sponsormidler

Hovedstyret har motteke sponsormidler frå

#### Hovedsponsor

Indre Sogn Sparebank

Årdal Energi

Årdalsnett



**Ei spesiell og stor takk til hovedsponsorane våre.**

#### **Øvrige sponsorar IL Jotun**

Hydro Aluminium Årdal Metallverk

Det kan og nemnas at fleire bedrifter bidreg på indirekte vis utan direkte bidrag med kontantar. Dette er og viktige bidrag for å sikre aktiviteten i laget.

Når det gjeld dei andre sponsorane våre, syner vi til årsmeldingane frå dei einsskilde gruppene.

**Utansponsormidlane ville det vore uråd å halde oppe den store aktiviteten Jotun har i dag. Derfor ei stor takk til alle verksemdar og enkeltpersonar som har bidrege.**

Postadresse  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

Besøksadresse  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
E-Post  
post@iljotun.no

Telefon  
Telefaks

Bank  
3730.25.00208  
Foretaksregisteret  
975 702 308




## 9. Medlemstal

Samla medlemstal pr. 31. desember 2015 er 873 (784 )

Medlemmer 20 år og over: 476 (426)

19 år og yngre: 397 (359)

Tala i parentes er pr. 31.12.2014.



Ei hyggeleg utvikling på antall medlemmer. Dette syner at laget jobbar god med å halde aktiviteten oppe.

Ser ein folktalsutvikling basert på grunnkrets ser ein at antall personar omtrent har gått ned likt på dei to tettstadene med omegn. Prognosar for folketal legg til grunn ein yttligare reduksjon av folketallet i åra som kjem og truleg at dette vil påverke antall medlemmer/utøvarar.

Kjelde:SSB

### Folkemengde, etter grunnkrets, tid og statistikkvariabel

	2015		2016	
	Personer	Personer	Personer	Personer
<b>ØVRE ÅRDAL OMEGN</b>				
14240101 Naustbukta	487	485		
14240102 Ve	384	361		
14240103 Utladal	670	657		
14240104 Farnes aust	352	341		
14240105 Orehol/Løkjane	289	308		
14240106 Grandane	380	386		
14240107 Vestvollane/Flotane	472	468		
14240108 Fardalen/Øvstetun/Børtnes	358	352		
	<b>3392</b>	<b>3358</b>		
<b>ÅRDALSTANGEN OMEGN</b>				
14240201 Lægreid	423	418		
14240202 Hæreid	350	360		
14240203 Vollene	157	151		
14240204 Vassbugen/Uthagen	504	492		
14240205 Nedre Seimsdal	303	296		
14240206 Øvre Seimsdal	185	176		
14240207 Naddvik/Ofredal	102	99		
14249999 Uoppgitt grunnkrets	13	9		
	<b>2037</b>	<b>2001</b>		
<b>TOTALT ANTALL</b>	<b>5429</b>	<b>5359</b>		

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308

## 10. Kurs og Utdanning

### Basis trener utdanning


Har du hørt om Trenerløypa? Ikkje det. Trenerløypa er eit rammeverk for trenerutdanning i norsk idrett som beskriv mål, prinsipp, retningslinjer og kompetansekrav. Ansvar for trenerutdanningen i norsk idrett ligg i dei respektive særforbunda, mens Norges idrettsforbund er ansvarlig for rammeverket Trenerløypa.

Fleire særforbund er på veg til å sette kompetansekrav til dei som skal utføre og stå ansvarlig for aktiviteten. For Jotun betyr dette at det meir enn nokon gong før blir viktigare å utdanne trenarar. Ei slik utdanning er med på og gi grunnleggande kompetanse til dei som drive aktiviteten, og ikkje minst sikre eit levedyktig og allsidig idrettslag.

### MEN - Me treng fleire trenarar !

Er du interessert i utdanning? Ta kontakt med den aktuelle særgruppa og meld di interesse.

For detaljar rundt utdanning viser me til årsmeldinga fra dei respektive særgruppene.



## 11. Særforbund

IL Jotun er medlem av desse særforbunda:

- 11.1 Norges Fotballforbund
- 11.2 Norges Handballforbund
- 11.3 Norges Friidrettsforbund
- 11.4 Norges Skiforbund
- 11.5 Norges Svømmeforbund
- 11.6 Norges Styrkeløftforbund
- 11.7 Norges Motorsportforbund
- 11.8 Norges Gymnastikk og Turnforbund



## 12. ANLEGG

### 12.1 Jotunhuset

Jotunhuset er eit stort aktivum for laget vårt. Delar av Jotunhuset har i 2015 vore utleigd til HERO. Dette gjeld areal i 1 etg samt lån av festsal og kjøken ved behov. Ellers har huset vore utleigd diverse festlige anledningar slik som konfirmasjon, dåp, bursdag, mm.

Hovedstyret vedtok i 2015 å oppgradere kjøkenet i Jotunhuset. Dette besto av ny innreiing, steikeovn, platetopp, oppvaskmin. Den etterkvart kjende kioskluka er delvis kledd att for utnytte plassen betre. Seniorgruppa i Jotun v/ har bidrege med verdifullt dugnadsarbeid. Sjå eigen saksomtale.

**Hovedstyret takkar Gunnar og Laila Vassvik for arbeidet dei gjer i samband med utleige, reinhald og ettersyn av huset.**

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308



### 12.2 Skisenteret i Fardalen

Skisenteret er til stor glede for både aktive i skigruppa og skiglade årdøler elles. Medlemmane i skigruppa utfører ein del vedlikehald spesielt i forkant og undervegs i vintersesongen. I tillegg blir det regelmessig køyrd skiløyper gjennom heile veka. Verdt å nemne at drifta av skisenteret baserer seg mest på inntekter fra sponsorar eller dugnad. Jotun får kun eit svært beskjedent kommunalt tilskot til løypekøyning som på langt nær hadde vore nok til å dekke utgifter med skitrekking, løypekøyning samt skihytta. Ytinga fra idrettslaget er derfor til almennytte for bygda, noko som me håpar alle set pris på.

Det er og regelmessig drift av skitauet i akebakken til stor glede for barn og unge.

Sjå elles eiga årsmelding frå Skigruppa og Skisenteret i Fardalen.

### 12.3 Kommunale Idrettsanlegg

Idrettsanlegga i Årdal ber no preg av stor slitasje. Årdal Idrettsråd har etablert ei anleggsgruppe som skal jobbe med oppgradering og nybygg av potensielle anlegg. Både Jotun, ÅTIL og ÅFK har meldt inn representantar til gruppa. Ein får håpe at denne gruppa etter kvart får på plass nødvendige planar med hensyn til bygging og finansiering. Gode idrettsanlegg vil være god samfunnsøkonomi og gjere Årdal til ein enno meir attraktiv plass og bu.

## 13. Arbeidsoppgåver i året som kjem

- God styring og kontroll på drift og administrasjon av idrettslaget.
- Oppgradering av medlemsregister til nye plattform (min idrett).
- Fortsatt dialog med Årdal Kommune med hensyn til avklaring av tredjesektor si rolle
- Fortsatt dialog med Årdal Kommune kva plan dei ser føre seg med idrettsanlegga i kommunen. Da spesielt eigarskap og drift.
- Vurdering av økonomisk modell med hensyn til treningsavgift
- Fordeling av inntektene i laget

## 14. AKTIVITET I SÆRGRUPPENE

Her syner vi til særgruppene sine årsmeldingar

## 15. IL JOTUN KLUBBHANDBOK

Klubbhandboka er klubben sitt overordna dokument og ein vitkig del av Jotun sitt verdigrunnlag.

IL Jotun sine kjerneverdier er **Inkludering – Haldningsskaping – Meistring – Respekt**

Ein oppfordrar alle særgruppene til å bruke klubbhandboka aktivt i sitt arbeide.

Klubben si handbok har i år 2015 ikkje vore revidert.

Styret har gjort revisjonar med kort gjennomgang på årsmøte:

- Framtreden i sosiale media
- Krisehandtering
- Fordelingsnøkkel på inntekter (forslag årsmøte 2015)

---

<b>Postadresse</b>	<b>Besøksadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Bank</b>
IL Jotun	Jotunhuset, Øvre Årdal		3730.25.00208
Postboks 65	<b>E-Post</b>	<b>Telefaks</b>	<b>Foretaksregisteret</b>
6882 Øvre Årdal	post@iljotun.no		975 702 308

## 16. SLUTTORD V/LEIAR

### Inkludering – Haldningsskaping – Meistring – Respekt

Enkle ord – vanskeleg i handling. Alle gruppe i Jotun må sette seg inn i verdisetten til Jotun. Desse verdiane er grunnleggande for all aktivitet som skal foregå i laget – stor eller liten. Eit særlig ansvar kviler på trenarar og tillitsvalde som har teke på seg ansvar for aktiviteten i laget. Den tillitsvalde gjennom ord og vedtak, trenaren gjennom handling. Kjerneverdiane er nedfelt i klubbhandboka til Jotun som og gir viktig informasjon om retningslinjer for mykje av aktiviteten i laget. Eg vil seie det er ei plikt for dei som deltek i aktivitet i regi av Jotun og sette seg godt inn i klubbhandboka.

### Bruk klubbhandboka – kjem du over manglar – ta det opp gjennom di særgruppe eller leiinga i idrettslaget.

Jotun er på veg mot hundre. Idrettslaget står støtt på egne bein. Samtidig må ein innsjå at me sannsynligvis ikkje blir fleire innbyggjarar med det første. Derfor er det viktig at laget jobbar hardt inn mot å behalde flest mogleg i aldersgruppa 10-16år. Det er i denne aldersgruppa ein har det største frafallet – ikkje berre i Jotun men generelt i idrettsnorge. Fleire gir opp og sluttar i overgangen mellom barneidrett og ungdomsidrett. Mange undersøkelser peikar på ein brå overgang der det blir forventta meir innsats med hardare fokus på resultat.

I eit nyleg lesarinnlegg publisert i fleire av landets største aviser skriv idrettspresident Tom Tvedt følgende:

**Tidlig spesialisering** er et begrep som ofte blir misforstått som en motorvei til toppidretten. Ser vi til Olympiatoppens anbefalinger for hva som gjør de beste best, er variasjon og fordypning nøkkelbegreper. Riktignok finnes det idretter hvor tekniske mønstre krever at du terper mye på de samme tingene, men samtidig vet vi at de beste utøverne vi har i dag – har drevet med flere idretter langt opp i ungdomsårene.

Et av de viktigste argumentene for allsidighet og variasjon er likevel at det gir barna en mulighet til å finne sin favorittidrett. Det gir dem variert bevegelseserfaring, og det reduserer sjansen for skader og at barna går lei og slutter tidlig.

Så kva skal gjelde fyrst. Best mulig eller flest mulig lengst mulig? Er det mulig å kombinere desse tinga? Idretten skal ikkje berre levere utøvarar til topp idrett. Me har eit særlig ansvar og å gi dei som veks opp eit sunt og fornuftig forhold til fysisk aktivitet– som kanskje kan resultere i at dei held ut lenger. Eller at ein seinare i livet har opparbeid seg ferdigheter og kunnskap som kan lærast vekk til eigne barn. Folkehelsa !

### Slik sett må svaret være gitt. Flest mulig. Lengst mulig.

Bonusen er best mulig. Slik meiner eg Jotun vil klare seg best framover.

Ha eit sportslig 2016 – takk for følget denne gong



Vår dato  
02.03.15

Side 13 av 13  
Vår referanse  
Hovedstyret

**Øvre Årdal, 9 mars 2016**  
**Hovudstyret IL Jotun**

*Tor Erik Sveen*  
*Leiar*

*Arnt Moen*  
*Nestleiar*

*Wenche Irene Sjøstad*  
*Økonomi leiar*

*Tove Aspesæter*  
*Gruppekontakt*

*Stine Kauppi Straumsheim*  
*Sekretær*

*Henrik Rønningen*  
*Leiar Fotball*

*Per Inge Bale*  
*Leiar Friidrett*

*Håvard Gikling*  
*Leiar Ski*

*Bente Sissel Myrland*  
*Leiar Handball Alderbestem*

*Børre Øvstetun*  
*For Handball Senior*

*Anne Hestetun*  
*Leiar Styrkeløft*

*Gunnar Huse*  
*Leiar Motorsport*

*Geir Inge Tufte*  
*Leiar Turn*

*Anne Gunn Vigdal*  
*Leiar Allidrett*

*Ingeborg Hjelle*  
*Leiar Svømming*

**Vedlegg:**

- Økonomirapport 2015

- Revisjonsberetning for 2015 frå valde revisorar

---

**Postadresse**  
IL Jotun  
Postboks 65  
6882 Øvre Årdal

**Besøksadresse**  
Jotunhuset, Øvre Årdal  
**E-Post**  
post@iljotun.no

**Telefon**  
  
**Telefaks**

**Bank**  
3730.25.00208  
**Foretaksregisteret**  
975 702 308